

Elly Olaug Myklebust
Fonnes 82
5953 Fonnes

Dykkar ref.:

Vår ref.:
21/1224 - 7 / CMS

Dato:
11.10.2022

Førehandsvarsel om pålegg om påkobling til Offentleg Avlaupsanlegg.

Me syner til korrespondanse i saka når det gjeld påkobling til det kommunale avlaupsanlegget. Saka har vore levande i lang tid.

Det har vore ein del korrespondanse mellom kommunen og grunneigarane. I brev frå Ronny Larsen/Elly Myklebust datert den 21.06.2021 sto det følgende:

Tema #2: Avløpssituasjonen

Når det gjelder avløpssituasjonen på Fonnes er vi gjort kjent med Austrheim Kommune sitt ønske om å få flest mulig tilkoblet det kommunale anlegget.

Vi har hele tiden vært positive til å koble oss til anlegget og kan bekrefte at vi har startet tekniske og kommersielle forberedelser.

Vi skal holde Austrheim Kommune oppdatert på fremdrift og planer når vi har fått nødvendig oversikt.

Med utgangspunkt i ovenstående ser vi ikke behov for et eget møte med kommunen på nåværende tidspunkt.

Fonnes 21.06.2021

Mvh

Ronny Larsen/Elly Myklebust

Kommunen svarte på dette dagen etter via e-post:



Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: tirsdag 22. juni 2021 12:38
Til: Ronny Larsen (ronla@bkkfiber.no)
Kopi: Thomas Lindås; Christopher Marius Straumøy
Emne: VS: måseklubben

Til Ronny Larsen

Eg viser til brev frå Austrheim kommune sendt til deg i går. Saka vart og drøfta i dag med kommunalsjef Thomas Lindås og jurist Christopher Marius Straumøy. Alle i møtelyden var positiv til ditt siste informasjonskriv til Austrheim kommune i saka.

Konklusjonen frå møte var at om ikkje det føreligg søknad om tilkobling til offentleg ledningsnett for avløpsanlegget dykkar innan utgangen av august 2021, så vil kommunen følge opp saka vidare med eit eventuelt krav om retting. Me ser fram til eit fortsatt godt samarbeid i saka og ser at dette vil vera ei god og framtidsetta løysing.

Ta gjerne kontakt med meg om du har spørsmål i saka. Ha elles ei fin sommartid.

Med vennleg helsing
Asbjørn Nagell Toft
Avdelingsleiar

.....

Kommunen har ikkje registrert at det er komme inn noko søknad. Kommunen har heller ikkje fått anna informasjon frå nokon av grunneigarane i saka.

Avlaupssituasjonen på staden er ikkje endra.

Slik kommunen vurderer saka er ikkje avlaupssituasjonen ikkje forsvarleg av fleire årsaka. Det kan til dømes peikast på at utslipp går rett ut i fjæra ved Måseklubben.

Kommunen synar til plan- og bygningslova § 27- tredje ledd:

§ 27-2 Avløp

«Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven. Rettighet til å føre avløpsledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.

Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.

Kommunen kan i andre tilfeller enn nevnt i andre ledd, kreve at bygningen skal knyttes til avløpsledning når særlige hensyn tilsier det.

Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk.»

Pålegg om retting

Kommunen er pliktig å forfølge tilhøve i strid med plan- og bygningslova, jfr. plan- og bygningslova § 32-1. Kommunen vil vurdere å gje pålegg om retting i medhald av plan- og bygningslova § 32-3. Plan- og bygningslova § 32-3 lyder slik:

”Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid. Ved utferdigelsen av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse. Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelse av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom. Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom.”

Tvangsmulkt

Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik:

”Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ilegges den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle ilagt tvangsmulkt.”

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Slik saka ligg an er det og knytta bekymring til om dagens tilstand er i tråd med forureiningslova.

Etter dette er dykk no førehandsvarsla om at eit pålegg og eventuell tvangsmulkt ved manglande gjennomføring av eventuelt pålegg vil kunne komme, jf. forvaltningslova § 16.

Før kommunen handsamar saka vidare, vil ein be dykk gjere greie for forholda på staden, samt om dykk ønskjer å gjere noko tiltak på eigedomen. Uttale må vera sendt innan tre veker frå dato 14.10.2022 til:

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim
post@austrheim.kommune.no

Om det er spørsmål kring overståande kan sakshandsamar kontaktast direkte på telefon 966 25 662.

Kommunen vonar å komme fram til ein god løysing saman med partane.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Elly Olaug Myklebust	Fonnes 82	5953	Fonnes
Mona Landa Austrheim	Fonnes 74	5953	Fonnes
Rita Myklebust	Nyhavn 8b	5042	Bergen
Øystein Austrheim	Fonnes 74	5953	Fonnes